



Arkivnr: 2014/495-25

Saksbehandlar: Erlend Hofstad, David Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utvale	Saknr.	Møtedato
Utvale for kultur, idrett og regional utvikling		05.12.2017
Fylkesutvalet		07.12.2017

Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eideomar - freda eideomar i landsverneplan for Kulturdepartementet. Høyringsfråsegn

Samandrag

Riksantikvaren har sendt på høying eit forslag til fredingsforskrift for eit utval eideomar i landsverneplan for Kulturdepartementet. Anlegg som her vert sett i høgste vernekasse skal fredast ved forskrift etter kulturminnelova § 22 a. Riksantikvaren foreslår at 13 kompleks/anlegg i *Landsverneplan for Kulturdepartementet* vert freda. Eitt av desse ligg i Hordaland, nemleg Statsarkivet i Bergen. For den eldste delen av anlegget, bygd i 1921 etter teikningar av arkitekt Egill Reimers, vert det foreslått ei freding som omfattar eksteriør, delar av interiøra med fast og større laust inventar. Fredinga vert grunngjeve med at anlegget har høg arkitektonisk verdi og er representativt for statens arkivbygg i perioden etter 1905, både når det gjeld funksjonelle løysingar og arkitektonisk formspråk.

Administrasjonen sluttar seg til vurderinga av Statsarkivet i Bergen som eit verdifullt kulturminne med høg kulturhistorisk og arkitektonisk verdi. Det utgjer ein gjennomarbeidd heilskap og er særskilt godt bevart. Freding er difor det rette verkemiddelet for å gi anlegget eit varig vern. Ei omfattande rehabilitering vart fullført i 2012, og anlegget er i god stand og lagt til rette for vidare funksjon som arkiv. Fredinga vil ikkje vera i konflikt med andre vesentlege brukar- eller samfunnsinteresser. Det vert foreslått at fredingsomfanget justerast til også å omfatta plassen rett framfor bygningen, inkludert dei omgivande murane, sidan dette utgjer ein viktig del av den arkitektoniske heilskapen.

Økonomi: Ingen effekt

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen samanheng

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Statsarkivet i Bergen kommune.
2. Fylkesutvalet ber om at også plassen framfor bygningen, inkludert dei omgivande murane, vert omfatta av fredinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Høyringsbrev
- 2 Fredningsforskrift kap. 1
- 3 Fredningsforskrift kap. XX
- 4 Tilhøve til naturmangfaldlova
- 5 Statsarkivet i Bergen

Fylkesrådmannen, 13.11.2017

Prosjektet «Statens kulturhistoriske eiendommer» vart starta opp i 2002 for å koordinera ein gjennomgang av statleg eigedomsmasse i sivil sektor. Formålet er å bevare og gje eit formelt vern til eit representativt utval statlege eigedomar som kan dokumentere viktige sider av statleg verksemd, eller som av andre grunner har høg kulturminneverdi. Gjennomføringa av det statlege vernearbeidet er lagt til den enkelte samfunnssektor og munnar ut i sektorvise landsverneplanar. På grunnlag av landsverneplanane vert eit representativt utval kulturminne freda gjennom forskrift etter kulturminnelova § 22a.

Landsverneplan for Kulturdepartementet er utarbeidd i perioden 2007-2017 og omfattar bygningar som departementet er heimelshavar til, samt enkelte andre statlege bygg som er viktige innanfor kursektoren. Fredinga skal sikra eit representativt utval byggverk og anlegg knytt til kursektoren, frå ulike periodar og ulike delar av landet. Til saman vert no 13 anlegg foreslått freda. Eitt av desse ligg i Hordaland, nemleg Statsarkivet i Bergen.

Statsarkivet i Bergen vart bygd i 1921 etter teikningar av arkitekt Egill Reimers. Anlegget er framleis i bruk som statsarkiv og er utvida fleire gongar. Det er det opphavlege anlegget frå 1921 som vert foreslått freda. Fredingsforslaget omfattar administrasjonsfløya og magasinfløya med eksteriør samt deler av interiøra i første og andre etasje, med fast inventar og større laust inventar. Fredinga vert grunngjeve med at anlegget har høg arkitektonisk verdi og er representativt for statens arkivbygg i perioden etter 1905 både når det gjeld funksjonelle løysingar og arkitektonisk formspråk.

Administrasjonen sluttar seg til vurderinga av Statsarkivet i Bergen som eit verdifullt kulturminne, med høg kulturhistorisk og arkitektonisk verdi. Det representerer ein viktig fase i utbygginga av det norske arkivverket og er karakteristisk for si tids arkitektursyn, med inspirasjon frå den lokale arkitekturtradisjonen, vekt på kunstnarleg og handverksmessig kvalitet i alle ledd, og med ei rasjonell løysing av dei funksjonelle krava. Den arkitektoniske verdien vert understreka av at arkitekt Reimers i 1924 fekk Noregs fremste arkitekturpris, Houens fonds diplom, for Statsarkivet. Det utgjer ein gjennomarbeidd heilskap der også mykje av inventaret er spesialteikna, og er særskilt godt bevart. Dette gjer Statsarkivet til eit kulturminne av nasjonal verdi, og freding er difor rette verkemiddelet for å gi anlegget eit varig vern.

Fredinga vil ikkje vera i konflikt med andre vesentlege brukar- eller samfunnsinteresser. Ei omfattande rehabilitering vart fullført i 2012, og anlegget er i god stand og lagt til rette for vidare funksjon som arkiv. Fredinga vil soleis ikkje vera til hinder for bruken av anlegget. Det opphavlege byggjetrinnet frå 1921 er saman med delar av areala rundt regulert til bevaring i gjeldande reguleringsplan.

I landsverneplanane vert det operert med to verneklasser, der verneklassen 1 medfører freding medan verneklassen 2 er eit etatsinternt vern. I Statsarkivet er delar av utomhusareala og dei eks-tyske bygga frå andre verdskrigen (bunker og traktorgarasje) sett til verneklassen 2. Dette er i hovudsak ei rimeleg gradering av det formelle vernet. Samstundes er det grunnlag for å gjera ei justering av fredingsomfanget andsynt høyringsforslaget: Framfor administrasjonsfløya er det ein open, hellelagd gardsplass, avgrensa av murar på sidene og med ein monumental trapp opp til hovudinngangen. Denne plassen er ein integrert del av den arkitektoniske heilskapen og bør difor også verta omfatta av fredinga.